

Magnus Nordstrand Tødenes

Førebyggjande arbeid mot mobbing i skulen/Preventive work against bullying in school

Ei kvalitativ studie av ein rektor og ein lærar sitt arbeid/A qualitative study by a principal and a teacher's work

Bacheloroppgåve i Grunnskolelærerrutdanning 5.-10. trinn med matematikk. LGU53002

Veileder: Gro Marte Strand

Mai 2019

Norsk samandrag

Oppgåva har følgjande problemstilling:

«Korleis jobbar ein rektor og ein lærar ved ein ungdomsskule for å førebygge mobbing?»

I denne oppgåva har eg studert korleis ein rektor og ein lærar ved ein ungdomsskule jobbar for å førebyggje mobbing. Denne skulen har hatt stor nedgang i mobbetala sidan rektoren vart innsett. Eg var interessert i å sjå om det var nokre skilnadar mellom tankesetja til leiaren på skulen og ein lærar rundt det å førebyggje mobbing. For å undersøke problemstillinga mi gjennomførte eg kvalitative intervju med ein rektor og ein lærar.

Oppgåva har fokus på opplæringslova og er forankra i teori om mobbing. Vidare er teorien fokusert på førebygging av mobbing, gjennom klasseleing, relasjonar, reglar om mobbing og organisering. Funna i denne oppgåva tilsei at rektoren og læraren har ganske like tankesett om korleis dei skal førebygge mobbing. Begge informantane trekk fram samarbeid mellom personalet på skulen som ein viktig faktor for å nedkjempe mobbinga. Vidare delar dei mange av haldningane til det førebyggjande arbeidet mot mobbing, og baserar arbeidet sitt på dei daglegdagse rutinane i klasserommet og interaksjon med elevar. Her er relasjonsbygging mellom lærar og elev, samt mellom elevane sjølve sentrale. Det blir poengtert viktigheita av at elevane har ein trygg og god skulekvardag og at det er ei tydeleg lærarrolle som ligg til grunns for dette.

Engelsk samandrag

This assignment has the following issue:

«How does a principal and a teacher work at a junior high school to prevent bullying? »

In this task I have studied how a principal and a teacher at a junior high school works to prevent bullying. This school has had a big decline in the bully figures since the principal was appointed. I was interested to see if there were any differences in the mindset of the headmaster and a teacher about preventing bullying. To investigate my issue, I conducted a qualitative interview with a principal and a teacher.

The task focuses on the Education Act and is rooted in theory about bullying. Furthermore, the theory is focused on the prevention of bullying, through class management, relations, rules on bullying and organization. The findings in this thesis indicate that the principal and the teacher have quite the same mindset about how to prevent bullying. Both informants highlight the collaboration between the school staff as an important factor in combating bullying. Furthermore, they share many of the attitudes to preventive work against bullying, and base their work on the everyday routines in the classroom and interaction with students. Here is the relation building between teacher and student, and the students themselves pivotal. It is emphasized the importance of the students having a safe and good school day and that it is a clear teacher role that underlies this.

Innholdsliste

1.0 INNLEIING	4
2.0 TEORI	5
2.1 RETTEN TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ	5
2.2 KVA ER MOBBING?.....	6
2.3 FØREBYGGJANDE ARBEID	7
2.4.1 Klasseleiing.....	8
2.4.2 Relasjonar.....	8
2.4.3 Reglar om mobbing og organisering.....	9
3.0 METODE	10
3.1 DEFINISJON AV METODE.....	10
3.2 VAL AV INTERVJU SOM METODE	10
3.3 UTVAL AV INFORMANTAR	11
3.4 DATAINNSAMLING	12
3.5 ETIKK.....	12
3.6 ANALYSE AV DATAMATERIALET	13
4.0 FUNN	14
4.1 ELEVANE SIN SKULEKVARDAG	14
4.2 SKULENS EIGEN PLAN FOR Å FØREBYGGE MOBBING	15
4.3 KONTAKTLÆRAR OG REKTOR SINE OPPGÅVER.....	16
5.0 DRØFTING	17
5.1 ELEVANE HAR BEHOV FOR TRYGGLEIK OG VENAR	18
5.2 DRA LASSET I SAME RETNING	19
5.3 TYDELEG LEIING I KLASSEROMMET.....	20
6.0 AVSLUTNING	22
7.0 LITTERATURLISTE	24
8.0 VEDLEGG	26
8.1 SAMTYKKESKJEMA	26
8.2 INTERVJUGUIDE FOR LÆRAR.....	27
8.3 INTERVJUGUIDE FOR REKTOR	29

1.0 Innleiing

«I Norge våkner minst 60000 barn og unge hver morgen til angsten for å bli mobbet.» (Roland, 2014, s. 26).

«I 2018 svarer 6,1 prosent av elevene at de blir mobbet to til tre ganger i måneden eller oftere.» (Wendelborg, 2019).

Sitata ovanfor belyser at mobbing er eit aktuelt og alvorleg tema som råkar mange elevar i den norske skulen. Opplæringslova (1998, §9 A-2) seier at: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Viss ein elev blir utsett for mobbing eller fryktar for å bli mobba, så vil dette stride imot opplæringslova, då elevane ikkje vil oppleve eit trygt og godt skulemiljø. Difor er dette eit tema vi er nøydt å fokusere på i dagens skule og sikre eit målretta arbeid for å få slutt på mobbinga.

Denne oppgåva har til hensikt å få eit innblikk i korleis dei tilsette i skulen kan jobbe saman mot å førebygge mobbing. Det er fleire grunnar til at eg har valt å fokusere på nettopp dette temaet. Når eg sjølv gjekk på barne- og ungdomsskulen var mobbing ein stor del av skulekvardagen min, då eg opplevde at fleire elevar vart mobba i klassa. I nokre tilfelle vart det ikkje bukt på mobbinga, og den greia seg utover heile oppveksten til desse elevane. Nokon av elevane som vart mobba slit truleg med etterverknadane av dette, den dag i dag. Sidan eg har vore vitne til mobbing av medelevar gjennom mange år, har eg lenge hatt eit forhold til det. I seinare år har eg blitt meir nysgjerrig på korleis ein kan hindre at mobbing oppstår, slik at barn og unge ikkje treng å bli utsatt for det same som mine medelevar blei. Eg vart kjent med ein skule som har hatt drastiske forbetringar i mobbetalet dei siste åra, særleg etter den nåverande rektoren vart innsett. Skulen har gått frå å ha mobbetalet som er langt over landsgjennomsnittet med tanke på mengda av elevar som blir mobba, til no å vere godt under landsgjennomsnittet. Dette bana veg for mitt forskingsprosjekt. Eg ville undersøkje kva det var denne skulen gjor for å førebyggje mobbing, sidan dei hadde hatt ein så stor nedgang i mobbetalet. Dette fører vidare inn på problemstillinga eg har valt for oppgåva:

«Korleis jobbar ein rektor og ein lærar ved ein ungdomsskule for å førebygge mobbing?»

I teoridelen vil det bli presentert sentral teori for å kunne belyse og svare på problemstillinga, med eit overordna fokus på opplæringslova paragraf 9 A, teori om mobbing og førebygging av mobbing gjennom klasseleiing, relasjonar, reglar om mobbing og organisering. Eg vil ta særleg utgangspunkt i teoriane til Erling Roland og Dan Olweus. I metodedelen blir det greia ut om kva slags metode eg nytta for å hente inn datamaterialet, korleis eg gjekk fram for å velje informantar og ein refleksjon om korleis eg analyserte datamaterialet. Vidare vil eg leggje fram sentrale funn frå undersøkinga og desse vil bli presentert i tre kategoriar, i funndelen av oppgåva. I diskusjonsdelen vil eg drøfte funna i lys av teori.

2.0 Teori

Når eg skulle undersøke og velje teori til denne oppgåva tok eg høgde for dei funna eg hadde gjort i intervju med informantane. Sidan temaet mobbing er veldig vidt og omhandlar mykje, måtte eg avgrense bruken av teori slik at eg på best mogleg måte kunne svare på problemstillinga mi.

2.1 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Opplæringslova (1998) er den gjeldande lova om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. For denne oppgåva vil §9 A vere spesielt viktig, då den omhandlar elevane sitt skulemiljø. Opplæringslova (1998, §9 A-2) seier at: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». Retten til eit trygt og godt skulemiljø er individuell og det er eleven si eiga oppleving av skulemiljøet som gjeld. Kjenneteikn på eit trygt og godt skulemiljø, er blant anna at elevane skal føle at skulen er ein trygg plass å vere og at dei ikkje skal kome til skade der. I samanheng med dette kan man trekkje inn omgrepet psykososialt skulemiljø, som definerast som: «de mellommenneskelige forholdene på skolen, det sosiale miljøet og hvordan elevene og personalet opplever dette» (Utdanningsdirektoratet, 2015).

I 2017 vart det gjort endringar i §9 A. Målet med endringane var å fastsetje eit grundig og effektivt regelverk mot mobbing og ei betre utøving av reglane (Riiser, 2017). Dei mest sentrale endringane var at det blei lovfesta eit krav om nulltoleranse og aktivitetsplikt. Det går ut på at skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Vidare skal det jobbast systematisk og kontinuerleg på skulen for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane. Hovudansvaret for dette ligg hos rektoren på skulen

(Opplæringslova, 1998, §9 A-3). Aktivitetsplikta går ut på at alle tilsette på skulen er lovpålagt til å gripe inn og melde i frå dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (Opplæringslova, 1998, §9 A-4).

2.2 Kva er mobbing?

Ein kan finne mange forskjellige definisjonar på omgrepet mobbing, sjølv om det gradvis har utvikla seg ei meir felles internasjonal forståing på kva som bør liggje til grunns for å kunne definere mobbing. Det som definisjonane har til felles er at mobbinga blir beskrive som negative, uvennlige eller aggressive handlingar (Roland, 2014, s. 23). Vidare blir mobbing sett på av dei fleste forskarar som ei negativ åtferd, der hensikta er å skade mobbeofferet på ein eller annan måte, anten bevisst eller meir umedviten. Vidare peikar Roland (2014, s. 23) på fleire kjenneteikn ved definisjonane: at mobbing kan utførast av ei gruppe eller ein enkeltperson, at handlingane blir gjentatt over ei tidsperiode og at det er ubalanse i styrkeforholdet. Vidare tek eg utgangspunkt i følgjande definisjon av mobbing: «Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlingar, som utføres gjentatte ganger over tid av en person eller flere sammen, og som rettes mot en som ikke kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen» (Roland, 2014, s. 25).

Definisjonen belyser fleire viktige moment ved mobbing. For det første beskriver Roland (2014, s. 25) mobbing som negative handlingar, noko som viser til at mobbing kan skje på fleire forskjellige måtar. Dei negative handlingane kan til dømes vere å true, håne eller sei ubehagelege ting, samt å sparke, slå, dytte eller halde nokon fast mot deira eiga vilje (Høiby, 2002, s. 14). Vidare blir dei negative handlingane omtalt som at nokon bevisst påfører eller prøver å påføre ein annan person skade eller ubehag. I denne samanhengen er tidsperspektivet viktig å merke seg, då ei slik formulering gjer det mogleg å skilje ut lettare negative handlingar i frå dei negative handlingane som skjer over tid. Dei lettare negative handlingane kan vere tilfeldige hendingar, som skjer mot nokon ein dag, mens mot nokon andre dagen etter (Olweus, 1992, s. 18). For det andre presenterer Roland (2014, s. 25) at vedkomande som blir utsatt for den negative handlinga ikkje klarer å forsvare seg sjølv i den aktuelle situasjonen. Hensikta med dette er å kunne skilje mellom situasjonar som oppstår mellom partar med ujamnt styrkeforhold, i frå dei situasjonane som oppstår mellom partar som er omtrent like sterke fysisk eller psykisk. For at det skal betraktast som mobbing må det vere eit ujamnt styrkeforhold mellom den/dei som utøver mobbinga og den som blir utsatt for

mobbinga. Til slutt legg definisjonen vekt på at mobbinga kan utførast av fleire personar samtidig. Olweus (1992, s. 18) seier vidare at det same gjeld for målgruppa for mobbinga, det kan vere ein enkelt person det går utover, men det kan også vere ei gruppe som er offer for mobbinga.

Mobbing kan som sagt utførast på fleire forskjellige måtar. Peter K. Smith, professor i psykologi ved Universitetet i London, har forska på nettopp dette. Med bakgrunn i tretti år med forskning, har han kome fram til ei liste med dei viktigaste typane mobbing:

1. Fysisk mobbing: slag, spark, knuffing og steling eller øydelegging av eigendelar
2. Verbal mobbing: erting, håning og truing
3. Sosial ekskludering: systematisk ekskludering/utfrysing frå sosiale grupper
4. Indirekte/relasjonell mobbing: ryktespreiing og å sørge for at andre ekskluderer
5. Cybermobbing: Mobbing ved bruk av ny teknologi som sms, e-post, internett

(Moen, 2014, s. 18)

2.3 Førebyggjande arbeid

Vidare skal eg ta føre meg generell teori om førebygging av mobbing, før eg går inn på dei nemnte fokusområda. «Forutsetningen for at mobbing skal forhindres effektivt, er at skolen tar avstand fra alle former for trakassering av andre. Å arbeide forebyggende er forutsetningen for vellykket arbeid mot mobbing» (Höistad, 1999, s. 88). Å førebyggje mobbing rommar blant anna å respektere kvarandre, å bry seg, å ta ansvar, ta seg tid til samtalar og å oppretthalde gode relasjonar. Det mest sentrale er at skulen skal arbeide mot eit felles mål, om å vere ein arena der alle elevar får oppleve trygghet og at ingen skal bli mobba. Dersom skulen skal nå dette målet og målsetjinga skal vere truverdig for elevane på skulen, må heile personalet vere einige i målsettinga og dra i ei felles retning (Høiby, 2002, s. 91). Ein viktig faktor som fungerer førebyggjande er kva slags klima som rår på skulen. Her må det kome fram at skulen og alle tilsette tek avstand frå alle former for mobbing og negativ oppførsel frå elevane, og at dei tilsette er engasjerte og tek tak i negative hendingar som oppstår på skulen (Höistad, 1999, s. 88). Ein viktig faktor for at personalet på skulen skal dra lasset i ei og same retning er at rektor går føre med eit godt eksempel. Dette kan vere at rektor er involvert i saker som oppstår i klasserommet og elles i skulen på ein dagleg basis og at rektor ofte er synleg i skulekvardagen, både for elevar og for personalet på skulen. Dersom rektor viser tillit og interesse for lærarane sitt arbeid, vil dei i større grad føle at dei kan gå til rektor om dei er

bekymra for noko, eller om dei treng rektors ekspertise på noko. På gode skular viser rektor forståing og støtte til lærarane (Roland, 1999, s. 85).

2.4.1 Klasseleiing

«Å lede en klasse innebærer å skape et miljø som støtter og legger til rette for faglig og sosial læring» (Postholm, 2013, s. 294). Læraren si oppgåve er å lede klassa, slik at læring, trivsel og helse blir fremja. Roland (2014, s. 68) viser til ei norsk undersøking som tyder på at klasseleiing og mobbing har ein direkte samanheng, i den forstand at god klasseleiing skapar betre strukturar og mindre mobbing. Vidare vil klasselederane kunne påverke elevane si åtferd og læringsutbytte, både direkte og indirekte ut i frå kva slags læringsmiljø dei er med på å skape.

Den autoritative klasseleiinga blir omtalt som at lærarane har mykje kontroll og mykje varme, og skiljar seg frå ein autoritær lærar som har mykje kontroll og lite varme. Roland (2014, s. 91) peikar på at den autoritative klasseleiinga motverkar mobbing. Dette blir grunngeve med at den autoritative læraren påverkar mønsteret i klasserommet på ein god måte, der normer, effektivitet og relasjonar blir betra, samt at det fører til eit betre sosialt miljø i klassa. Ein autoritativ klasseledar vil førebygge mobbing ved å påverke potensielle plagarar direkte, sidan han vil gå føre med ein tydeleg standard for korleis ein skal oppføre seg. Dette fører truleg til at elevane kan skjønne at læraren ikkje aksepterer mobbing og har klare forventningar til dei, samt at effektiviteten i skularbeidet kan auke. Den autoritative klasseleiinga kan også føre til at elevane merkar at læraren har omsorg for dei og er med på å kontrollere åtferda deira, dette skjer gjennom ein kombinasjon av krav og støtte. Vidare seier Roland (2014, s. 92) at ein lærar som går føre med myndigheit i skuledagen, vil vere i den beste posisjonen til å stoppe mobbing. Ei av årsakene til dette vil vere at elevar som opptrer som plagarar vil ha fått erfare støtte og omsorg frå læraren, noko som er med på å skape lojalitet. Dette er nokre av grunnane til at det autoritative prinsippet dannar grunnlaget for mobbeprogram som har vist seg å vere effektive (Roland, 2014, s. 92).

2.4.2 Relasjonar

Læraren har ansvar for å danne gode relasjonar mellom seg og elevane. Dersom ein lærar har gode relasjonsbyggjande ferdigheiter, vil lærarens sosiale interaksjon med elevane vere prega av respekt og empati, og læraren vil ha ei interesse for elevane si læring og utvikling. Denne

sosiale interaksjonen med elevane vil ha ei førebyggjande effekt mot utvikling av problemåtferd, som for eksempel mobbing (Bergkastet, Dahl & Hansen, 2009, s. 24). Arbeidet med å danne gode relasjonar til elevane er eit kontinuerleg arbeid for læraren. Sentrale faktorar for å danne og utvikle positive relasjonar med elevane er etablering av tillit, verdsetjing, evna til å sjå kvar enkelt, gi elevane tilstrekkelig med ros, samt å anerkjenna elevane. Vidare er læraren nøydd til å gi merksemd og støtte til den faglege og sosiale utviklinga til elevane (Bergkastet et al., 2009, s. 24). Når læraren byggjer relasjonar med elevane, og elevane føler dei blir anerkjenna, forstått og akseptert vil dette smitte over på elevgruppa. Dette kan vidare føre til at det blir danna respekt mellom elevane, samt respekt og aksept for kvarandre sine forskjellar. Denne respekten vil kunne vere med på å motverke mobbing (Høiby, 2002, s. 37).

Læraren skal også syte for at elevane dannar gode relasjonar med kvarandre. Eit godt vennskap vil gjere at elevane blir glade og gler seg til å gå på skulen (Høiby, 2002, s. 36). Dersom elevgruppa har gode relasjonar, og kvar elev har fleire vennar i gruppa, vil også sannsynet for mobbing vere mindre. Dette kjem av at moglegheita for at den som utøver mobbinga og mobbeofferet kan omgås i same nettverk. Samstundes er mobbeofra ofte einsame, så har elevane i klassa vennar og gode relasjonar til kvarandre, vil dette vere ei beskyttande effekt mot den potensielle mobbinga. Viss ein elev opplever at han ikkje har vennar i klassa eller på skulen, så aukar sannsynet for at han kan bli utsett for mobbing (Roland, 2014, s. 91). Dersom denne mobbinga oppstår og held fram, utan at mobbeofferet får snakka med nokon om det, vil sjansane for at eleven trur på meldingane og handlingane den blir utsatt for, auke. Desse handlingane som mobbeofferet blir utsett for, kan føre til tankar om at ein er lite verdt, noko som igjen kan føre til skader på eleven sitt sjølvbilete (Roland, 2014, s. 50).

2.4.3 Reglar om mobbing og organisering

Kontaktlæraren og klassa bør saman danne nokre mobbereglar. Olweus (1992, s. 69) peikar på at eit så enkelt og konkret tiltak kan vere med på å danne eit betre sosialt klima i klassa. Det er viktig at desse reglane blir formulert så konkret som mogleg, og at dei er retta mot all form for mobbing. Kontaktlæraren bør ha nokre reglar klare på førehand som kan inspirere elevane til ein diskusjon om kva dei endelege reglane må vere. Får elevane kome med sine tankar og synspunkt på kva som er viktig, vil dei føle eit større ansvar for å følgje reglane. Kontaktlæraren bør ha tenkt gjennom korleis diskusjonen kan utarte seg. Vidare er det viktig

at dei endelege reglane blir hengt opp i klasserommet, slik at elevane har noko visuelt å halde seg til (Olweus, 1992, s. 69).

Roland (2014, s. 105) nemner at dårleg organisering av skuletimane resulterer i meir mobbing. Difor vil det vere viktig for læraren å vere bevisst på å innføre struktur i timen, og ha tydeleg markeringar av leiinga. Nokon eksempel på dette er at læraren er fyst inne i timen, for så å samle merksemda til elevane i det timen skal begynne, gjerne med å helse på kvarandre og vidare ha ein felles startsekvens der alle er med. Til slutt bør ein ha klare rammer for korleis ein avsluttar timane, der læraren bør samle merksemda igjen for så å avslutte med ei oppsummering, beskjedar eller liknande. På denne måten vil elevgruppa bli til eit fellesskap rundt læraren (Roland, 2014, s. 105-106).

3.0 Metode

3.1 Definisjon av metode

Når eg skulle ta stilling til korleis eg ville gå føre med mitt forskingsprosjekt, måtte eg tenkje på kva slags samfunnsvitskapleg forskingsmetode eg ville bruke. Omgrepet metode tyder å følgje ein bestemt veg mot eit mål (Christoffersen & Johannesen, 2012, s. 16). Sidan mitt forskingsprosjekt omhandlar menneskjer innan skulen så må eg nytte ei samfunnsvitskapleg forskingsmetode. Ei slik forskingsmetode tek føre seg den sosiale verkelegheita, korleis ein kan analysere denne informasjonen og vidare fortel den oss om samfunnsmessige forhold (Christoffersen & Johannesen, 2012, s. 16).

3.2 Val av intervju som metode

Når eg tok fatt på denne forskingsoppgåva, ynskja eg å finne ut kva ein rektor og ein lærar gjer for å førebygge mobbing på skulen deira. Eg ynskja å høyre kva personlege tankar dei hadde om dette temaet og arbeidet sitt med mobbing. Mobbing er eit tema som råkar veldig mange og som for fleire er veldig personleg, difor ynskja eg å skape ein personleg setting der eg hadde moglegheita til å spele på informantane sine eigne erfaringar og historier. Målet var å kome meir i djupna rundt tankane og meiningane til intervjuobjekta, slik at vi kunne få til ein god samtale. Ut i frå desse tankane bestemte eg meg for å gjennomføre ei kvalitativ undersøking med intervju som metode. Grunnen til at eg tenkte dette kom til å gi meg det beste resultatet er at det kvalitative intervjuet er kjent som ei fleksibel metode, der det er

mogleg å få fyldige og detaljerte beskrivingar frå intervjuobjektet (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 77). Vidare er intervju ei kjent metode for dei aller fleste og eg såg føre meg at informantane kom til å kjenne seg trygge i denne settinga. Det ville også tillate meg til å be informantane om å utdjupe svara og tankane sine rundt tema som eg tykkjer var spanande, samt at dei kunne setje meg på sporet av tema og vinklingar som eg ikkje hadde tenkt på sjølv. Dessutan tykkja eg denne metoden for å samle inn data ville gi meg god tid med informantane, som igjen kunne gi informantane større fridom til å uttrykkje seg og uttale seg om dei tinga vedkomande tykkjer er viktig.

3.3 Utval av informantar

Proessen med å velje ut kva slags informantar eg ville intervjuje starta med utforminga av problemstillinga mi, der eg sat føringa for at eg ville snakke med ein rektor og ein lærar. Den strategien eg brukte for å kome fram til desse to informantane var ei strategisk utveljing, rettare sagt ei kriteriebasert utveljing (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 50-51). Kriteria som låg til grunns for utvalet var at læraren og rektoren hadde ein del års erfaring i skulen, at læraren var kontaktlærar og at dei jobba på same skule. Eg valte dette fordi eg ville sjå om det var nokre skilnadar mellom tankesetja til nokon som jobba i administrasjonen på skulen kontra nokon som jobbar i klasserommet rundt det førebyggjande arbeidet av mobbing, om dei jobbar saman for å få skulen i riktig retning og om det same verdigrunnlaget låg til grunns.

Eg hadde kjennskap til begge informantane frå før og visste at begge var opptatt av og sat inne med mykje kunnskap om temaet mobbing. Difor såg eg for meg at eg ville få samla nok data ved å intervjuje desse to. Då eg hadde klart for meg kven eg ville intervjuje, var vegen vidare å kontakte informantane. Eg kontakta skulen, la fram problemstillinga mi og andre tankar eg hadde rundt forskingsprosjektet. Begge informantane sa seg villige til å delta og verka positivt innstilt.

Vidare i denne oppgåva så har eg anonymisert all data eg har samla inn om informantane. Eg vil omtale informantane med fiktive namn. Informantane vil gå under namna Kjetil og Katrine. Kjetil har jobba fire og eit halvt år som rektor. Før Kjetil vart rektor jobba han som lærar på ungdomsskule i 12 år, før han etterkvart tok rolla som inspektør, noko han arbeidde som i to år. Erfaringa som lærar og inspektør har han frå andre skular enn der han er tilsett no. Sjølv om Kjetil har relativt lite erfaring i rektorrolla, så har han tilnærma jobba 20 år i skulen.

Katrine som no er kontaktlærer for 10. trinn har arbeidd på skulen i 11 år, med to års erfaring frå vidaregåande skule før dette. Ho har vore kontaktlærer på skulen sida ho starta å arbeide der, i tillegg til dette er ho lærarane sin tillitsvalt, så ho arbeidar tett på rektor og resten av administrasjonen på skulen. Katrine underviser i faga norsk, samfunnsfag og engelsk, i tillegg har ho utdanning innan fransk.

3.4 Datainnsamling

Gjennom retningslinjene til ILU hadde vi ikkje moglegheita til å nytte lydopptak under intervjuet. Eg inviterte med ein student frå klassa mi til å vere skribent, noko som informantane tykkja var ei god løysing. Grunnen til at eg ville ha ein skribent på intervjuet var at eg ville få skrive ned utsegn, detaljar og historier så godt som ordrett, slik at eg fekk fanga essensen i meiningane og historiene til informantane. Vidare fekk eg moglegheita til å følge nøye med på kva informanten sa til ei kvar tid, og hadde ingen problem med å stille oppfølgingsspørsmål. Intervjuet blei gjennomført på ulike plassar på skulen. Intervjuet med Katrine vart gjennomført på eit grupperom, mens med Kjetil vart det gjennomført på kontoret hans. I sjølve intervjuprosessen var det berre eg, informanten og skribenten som var til stades. Informanten fekk lese over samtykkjeskjemaet og kome med eventuelle spørsmål til intervjuet før vi starta. Intervjuguiden som eg hadde utarbeidd på førehand gjorde at det blei eit strukturert intervju, der spørsmåla, temaet og rekkjefølga var satt (Christoffersen & Johannesen, 2012, s. 79). Sjølv om gangen i intervjuet var sett på førehand var informantane veldig fleksible og snakka fritt rundt spørsmåla. Intervjuet var stort sett like, men med nokre skilnadar. Dette var i hovudsak spørsmål knytt til rollene dei har i skulen. Då eg var ferdig med nøkkelspørsmåla mine var det rom for at informanten fekk kome med nokre kommentarar eller eigne spørsmål. Her tok begge informantane tak i at dei tykkja det var ei behagelig setting og at dei var nøgde med intervjuet.

3.5 Etikk

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitskap og humaniora (NESH) har vedtatt forskningsetiske retningslinjer, som eg må ta stilling til når eg skal utføre ei slik undersøking. Desse retningslinjene tek føre seg informantens rett til sjølvråd og autonomi, respekt av informantens privatliv og forskarens ansvar for å unngå skade (Christoffersen & Johannesen, 2012, s. 41). Denne studien er utført i samsvar med dei etiske prinsippa i høve til NESH (2016). Eg har nytta fiktive namn og generelle beskrivingar for å unngå gjenkjenning. Sidan

opplysningane er anonyme hamnar dei utanfor personopplysningslova sin definisjon, og dermed trenger ikkje undersøkninga å meldast (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 43).

3.6 Analyse av datamaterialet

Etter eg hadde gjennomført intervjuet var det tid for å analysere og arbeide med dei. I denne prosessen tykkja eg det var fint å kunne støtte seg på Nilssen (2012). I arbeidet med intervjuet nytta eg ei konstant komparativ analysemetode. Det første eg tok til med var å lese intervjuet grundig, og her prøvde eg å møte datamaterialet mitt med eit opent sinn. Når eg las gjennom intervjuet noterte eg og markerte ord, utsegn, omgrep og ytringar som eg fann interessante. Gjennom dette arbeidet var eg på vei til å sortere datamaterialet mitt i ulike kodar, denne prosessen er open koding. Eg sat igjen med mange ulike kodar. Den neste prosessen var å få samla kodane i større kategoriar, slik at eg kunne danne ein samanheng mellom dei ulike kodane. Dette er den aksiale kodinga (Nilssen, 2012, s. 79-80). Dei kategoriane eg kom fram til ut i frå kodane var: klasseleing, rutinar og tiltak, rektors rolle i skulen, elevars føresetnadar til samarbeid og fellesskap. Etter utarbeidinga av desse kategoriane skjønnte eg fort at eg ville ha færre, men meir overordna kategoriar. Då gjekk eg tilbake til datamaterialet og arbeida meir med det. Til slutt kom eg fram til tre nye kategoriar:

- Elevane sin skulekvardag
- Skulens eigen plan for å førebygge mobbing
- Kontaktlærer og rektor sine oppgåver

Det som var sentralt for meg under utforminga av desse nye kategoriane var at dei skulle vere samlande for dei funna eg hadde gjort meg i datainnsamlinga. Kategoriane vart difor utforma av kva kodar som passa inn, dette var ved hjelp av induktiv metode (Nilssen, 2012, s. 65). Gjennom arbeidet med datamaterialet såg eg at kodane inkludere, trygghet, fellesskap og trivsel, som alle er viktige omgrep innan barna si oppleving av skulen, kunne samlast under kategorien: *elevane sin skulekvardag*. Under intervjuet var det mykje fokus på kva skulen kan gjere for å førebygge mobbing, her fann eg kodar som rutinar, tiltak, psykososialt miljø og rammer. Desse tykkja eg passa inn under kategorien: *skulens eigen plan for å førebygge mobbing*. Til slutt fann eg fleire kodar som stemte overeins med arbeidet til rektor og lærar, som klasseleing, haldningar, klassemiljø, leing og relasjonar. Desse kodane bestemte eg meg for å ta under kategorien: *kontaktlærer og rektor sine oppgåver*. Kategoriane ligg til grunn for kvart sitt underkapittel i funndelen av oppgåva.

4.0 Funn

4.1 Elevane sin skulekvardag

Eg spurde intervjuobjekta mine om dei tykkja mobbing er til stades i skulen, og om det er eit stort problem. Her var dei samstemde og dette sitatet frå Katrine byggjer under synet deira på korleis skuledagen til elevane skal vere: «Viss ein elev blir mobba på skulen, så er det ein for mykje. Elevane tilbringar så mykje tid av livet sitt på skulen, så dei er nøydt til å ha det bra her». Det blir også poengtert at elevane er nøydde til å ha ein skulekvardag der det blir lagt til rette for at læringsmiljøet og det sosiale samspelet med andre menneske skal vere godt.

Vidare fortel ho om at det er viktig at elevane har venner på skulen og at alle saman skal bli inkluderte. Dette fremjar ho som ein av sine grunntankar kva angår elevane sin situasjon på skulen, og tek tak i at elevane treng å få implementert evna til å samarbeide og omgås med alle. Viss dette manglar vil det vere ei stor utfordring for seinare arbeidsliv. Dette legg ho til grunn for måten klasserommet hennar er ordna: «I mitt klasserom sit elevane to og to, slik at alle saman skal kunne samarbeide med kvarandre. Vi rullerar på kven som sit med kven, kvar 14 dag». Kjetil legg til at: «Vi må ha fokus på korleis vi kan leggje til rette for at kvar enkelt elev skal ha ein meningsfull og trygg skuledag, der dei har rom for å vere seg sjølv og at kvar enkelt elev har venner å vere med». Vidare greier han ut om at i trygge omgivingar der elevar er trygge på kvarandre og kan samarbeide, vil dette fungere som førebyggjande mot mobbing.

Kjetil og Katrine er samstemte på at det er viktig at klassa opprettar eigne klassereglar og rutinar, slik at elevane har ei føring på korleis dei skal oppføre seg når dei er på skulen og i klasserommet. Dette har Kjetil syta for å ta med i planen til skulen, som skal sørge for eit trygt og godt skulemiljø. Katrine tek opp at elevane ofte kjem med dei same reglane som ho sjølv hadde sett for seg på førehand. Dette tykkjer ho kan bidra til ei tryggleiksføling for elevane i klassa, sidan dei kjem fram til dette i samspel med andre, og at elevane då er einige i korleis dei skal oppføre seg ovanfor kvarandre. Kjetil tek tak i at dette samspelet om å lage noko som er felles for alle i klassa, kan vere med å skape ei fellesskapsføling for elevgruppa. Vidare poengterer han at elevar som er utrygge på seg sjølv vil bruke fellesskapsføling til å stengje ute andre elevar. Difor tykkjer han at elevane treng ei føling av fellesskap i skulekvardagen, og at denne vil vere førebyggjande mot mobbing.

4.2 Skulens eigen plan for å førebygge mobbing

Då vi var inne på temaet om korleis skulen førebygger mobbing, kom Katrine inn på at noko av det viktigaste for ho er at ho ikkje står i dette arbeidet aleine, at døra til rektor og leiinga alltid er opa. Dette samarbeidet på skulen mellom lærar og rektor understrekar også Kjetil på denne måten:

«Vi i leiinga veit at lærarane kan synest arbeidet mot mobbing kan vere utfordrande, difor er det viktig at vi legg til rette for eit tett og godt samarbeid, der vi veit kvar vi har kvarandre. Med ein god dialog er det enklare å ta tak i problema og leggje til rette for elevane».

Då eg reiste til skulen for å gjennomføre intervjuet vart eg presentert for skulen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø. Dette er ein plan som blir drøfta av personalet på starten av kvart skuleår, og som har tiltak med mål og ulike fokusområde for kvar månad. Katrine seier at: «Vi har ein veldig god plan som er levande, der alle tek tak og har eigarskap til. På denne måten sørger vi for at skulen gjer det same og fungera som ein einskap». Katrine snakkar også om at denne planen er til god hjelp med arbeidet i klasserommet, og at den er med på å skape meining for elevane i skulekvardagen. Planen tek også føre seg ulike måtar å arbeide med mobbing på i klasserommet, og på skulen generelt. Det er ein plan som ho og kollegane ofte diskuterer. Då vi kom inn på skulen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø sa Kjetil dette: «Det å ha nokre tiltak for trivsel og fellesskap er viktig. Man gjer noko saman, på tvers av klassene og trinna, for å vise at dei andre elevane ikkje er farlige». Her tek han då tak i sosiale arrangement som for eksempel juleball og skogdagen som blir gjennomført i september. Vidare grunnjev han at desse arrangementa har ein plass i årshjulet for å bidra til å danne relasjonar på tvers av klassene og eit sunt og godt psykososialt miljø for elevane. Katrine seier: «Vi legg til rette og gjennomfører for eksempel overnattingstur, skogdag, juleball og temadagar. Desse hendingane blir gjennomført med meining om at det skal styrke elevane si fellesskapsføling».

Det førebyggjande arbeidet mot mobbing er allereie i gong før elevane startar på skulen, i form av at skulen planlegg ordninga «god skulestart». Kjetil held ordninga høgt, denne omhandlar at elevane skal bli trygge på skulen og at læraren sitt leiarskap i klasserommet skal opprettast. Han seier at dette er ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet og held fram: «Det er ikkje den sosiale rangstigen hos elevane som skal etablerast i starten, læraren skal innførast som leiar først. Dette er for å gi elevane eit signal på kor dei er, og dette er skulen, der formålet er læring». Slik tykkjer Kjetil læraren sin posisjon og rolle bli stadfesta i

klasserommet, og det er viktig å sikre at elevane blir trygge og sikre på at det er læraren som er den tydelege leiaren i klasserommet.

I samtale om førebygging av mobbing, seier Kjetil følgjande: «Det å førebyggje mobbing er veldig kompleks. Det rommar meir enn å vere nede hos elevane og undervise om mobbing. Det er alt arbeidet vi gjer for at elevane skal oppleve ein meiningsfull og fin skulekvardag». Han byggjer vidare på sitatet med å seie: «Viss vi har frustrerte elevar på skulen vil det vere meir tilrettelagt for mobbing». Kristin legg til at viss elevane ikkje er trygge så kan dette vere ein faktor som fører til at det oppstår mobbing. Ho seier at: «Mobbing opptrer hyppigare der det ikkje er tydeleg leiing, difor har vi tydelege rammer og rutinar. Eksempel på dette er at det er likskap i korleis ein startar timane og avsluttar dei». Ho var klar på at ho tok desse eksempela fordi det er situasjonar der leiinga blir markert veldig tydeleg, med for eksempel at elevane gjerne står og helse på læraren ved starten av ei ny økt. Kristin poengterer også at det er viktig å vere proaktiv i forhold til å etablere leiinga. Sidan det vil vere vanskelegare å endre på klassa sin struktur i ettertid.

4.3 Kontaktlærar og rektor sine oppgåver

I denne kategorien vil eg omtale kva informantane tenkjer om sine respektive oppgåver på skulen, og korleis dei sjølve går fram for å førebygge mobbing. Då eg spurde Katrine om korleis ho jobbar for å førebyggje mobbing i klasserommet svarte ho: «Eg tenker på kva eg gjer sjølv, samt at eg tenkje på skulens retningslinjer. Eg skal ivareta den enkelte elev og samtidig ivareta gruppa som heilheit». Ho trekk fram omgrepa klasse miljø og klasseleiing, der ho vidare påpeikar viktigheita av relasjonsbygging. Det kjem godt fram i dette sitatet frå Katrine:

«Eg er ansvarleg for relasjonen mellom meg og elevane, samt mellom elevane sjølve. Gode relasjonar er med på å skape tryggleik og eit miljø der det er lov å feile. At relasjonane i eit klasserom er gode vil vere med på å danne eit sunt og bra psykososialt miljø».

Verdien av å ta seg tid til elevane i kvardagen legg ho ikkje skjul på, der ho poengterer viktigheita av å sjå kvar enkelt elev og vise interesse for livet deira.

Då eg spurde Katrine om korleis ho førebyggje mobbing i klasserommet, trekk ho fram haldningar og den autoritative lærarrolla som noko av det viktigaste: «Eg må vere ein

autoritativ lærar som slår ned på mobbing og problemåtferd. På denne måten vil elevane skjønne at vi ikkje aksepterer dette på skulen». Det dukkar opp hyppige dialogar om temaet i klasserommet, som ho ser stor verdi i. Ho tykkjer at mykje av jobben med å førebygge mobbing blir gjort med å danne sunne og gode haldningar, og aksept for kvarandre.

Då eg spurde Kjetil om kva han gjer for å førebyggje mobbing svarte han: «Sidan eg er øvste leiar på skulen må det starte med meg, eg må vise til kollegaane mine og til elevane på skulen, gjennom samtalar og haldningar, at eg jobbar for ein totalt mobbefri skule». Han konstaterer at visst ikkje han tar føringa på å bringe forelesarar, temadagar og kurs på dagsordenen til skulen, vil det vere vanskelegare for lærarane å prioritere dette i jobbkvardagen sin. Elles tykkjer Kjetil det er viktig at han ikkje blir sett på som ein ukjent skikkelse på skulen. Han vil byggje kjennskap til personalet og elevane, på denne måten kan han vise at han bryr seg om dei.

5.0 Drøfting

I denne delen av oppgåva skal eg trekke fram funna eg har gjort i studia og drøfte dei ved hjelp av teori og tidlegare forskning. Problemstillinga vil liggje til grunns for drøftinga, denne er: *Korleis jobbar ein rektor og ein lærar ved ein ungdomsskule for å førebygge mobbing?*

Definisjonen som eg har valt å stille meg bak i denne oppgåva er: «Mobbing er fysiske eller sosiale negative handlinger, som utføres gjentatte ganger over tid av en person eller flere sammen, og som rettes mot en som ikke kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen» (Roland, 2014, s. 25). Ifølgje opplæringslova har alle elevar rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Som teorien nemner, blir mobbing sett på som negativ åtferd, der målet vil vere å skade offeret på ein eller annan måte (Olweus, 1992, s. 18). Viss ein elev eller ei elevgruppe på skulen opplever å bli mobba så vil ikkje mobbeoffera oppleve eit trygt og godt skulemiljø. Dette står dermed i strid med opplæringslova. Førebygging av mobbing er slik ei viktig sak å arbeide mot, og endringa i opplæringslova lovpålegg dei tilsette på skulen til å ta mobbinga på alvor. Mobbing kan som sagt ha mange negative konsekvensar for eleven, både kva angår elevens trivsel og glede på skulen, som igjen kan påverke læringsutbytte, og elevens psykiske- og fysiske helse. Katrine nemnte at viss ein elev blir mobba så er det ein for mykje, og at elevane brukar så mykje tid på skulen at dei må ha det

bra. Sidan skulen skal fremje elevars tryggleik og helse, så kan utsegna frå Katrine tyde på at det førebyggjande arbeidet mot mobbing ligg til grunns for skulekvardagen.

Gjennom oppgåva har eg presentert teori om fleire måtar ein kan førebygge mobbing i skulen, både i og utanfor undervisninga. Teorien nemner førebygging rommar blant anna å respektere kvarandre, å bry seg, å ta ansvar, ta seg tid til samtalar og å oppretthalde gode relasjonar. Vidare er det mest sentrale at skulen skal arbeide mot eit felles mål (Høiby, 2002, s. 91). Dette kan ein sjå i samanheng med Kjetil sine tankar rundt kva førebygging av mobbing omhandlar. Han omtalar førebygging av mobbing som noko veldig komplekst, og seier vidare at «Det rommar meir enn å vere nede hos elevane og undervise om mobbing. Det er alt arbeidet vi gjer for at elevane skal oppleve ein meiningsfull og fin skulekvardag». Han nemner at førebygginga rommar alt arbeidet ein gjer for at elevane skal ha det bra på skulen, noko som heng tett saman med utvikling av verdiar og holdningar som nemnt ovanfor. Sitatet frå Kjetil og teorien eg har vist til her tykkjer eg synleggjer kor stor og mangfaldig oppgåva med førebyggjande arbeid er, og at det er implementert i store delar av lærarar, rektor og andre tilsette i skulen.

5.1 Elevane har behov for tryggleik og venar

Som tidligare nemnt i teoridelen, spelar venskap ei betydelig rolle i samanheng med mobbing. At elevane har venar på skulen, kan resultere i at dei gler seg til å dra på skule og at dei opplev skulen som ein betre plass å vere (Høiby, 2002, s. 36). Kameratskapet og relasjonane vil også vere med på å byggje eit sikkerheitsnett rundt elevane, der dei kan samtale om ting dei har behov for, samt at dei kan få støtte og trygghet av kvarandre. Om vennskapet og relasjonane er fråverande for ein elev vil vedkomande stå fram som eit lettare offer for mobbinga (Roland, 2014, s. 91). Funna frå undersøkinga viser at begge informantane var opptekne av dette. Katrine nemnte viktigheita av at elevane har relasjonar og kameratskap med fleire i klassa, og jobbar spesifikt med dette blant anna gjennom korleis ho strukturerer klasserommet ved at elevane får sitje saman to og to. Dette er eit tiltak ho har innført i klasserommet for at elevane skal lære seg å omgås med fleire enn berre dei nærmare vennane sine, og at samarbeidsevne til elevane blir utvikla. Kjetil viser også til at vennskapet er ei sentral føresetning for at elevane skal ha det trygt og godt på skulen. Tiltak han nemner for å skape venskap og tryggleik på tvers av trinn er juleball, felles skogdag for skulen, overnattingsturar og forskjellige temadagar. Desse er oppført i skulens plan for eit trygt og

godt skulemiljø. Dei ordningane her tykkjer Kjetil er med på å skape trivsel, fellesskap og relasjonar på tvers av klassene. Fellesskapsdanninga er noko Katrine også trekk fram som eit resultat av desse ordningane. Utsegna som informantane kjem med rundt tiltaka og arrangementa i skulens sin plan, kan tyde på at dei ser viktigheita i at elevane har vennar på skulen, og jobbar målbevisst for å oppnå dette. Desse funna samsvarar med den nemnte teorien og kan tyde på at arbeidet med relasjonar i klasserommet og elles på skulen er ein viktig faktor for eleven si oppleving av skulekvardagen og eit grunnleggjande arbeid for å førebyggje mobbing.

Olweus (1992, s. 69) skriv om mobbereglar i klasserommet, der han spesifikt nemnar at læraren bør prioritere å lage mobbereglane med elevane. Dette er også sentralt i informantane sin praksis. Begge informantane var inne på at det var viktig å opprette reglar i klasserommet for korleis elevane skulle oppføre seg ovanfor kvarandre, og meinte at dette ville ha ein positiv innverknad på mangfaldet i klassa. Med å la elevane bidra i utforminga av reglane, ville elevane føle eigarskap til dei og det ville vere meir sannsynleg at klassereglane blei følgt. Klassereglane vil også bidra til at elevgruppa dannar ei fellesskapsføling som dannar meir tryggleik i klassa. Ved at elevane sjølv får ta del i prosessen med å lage mobbereglane, vil det truleg auke sannsynet for at elevane tek reglane til følgje, sidan dei vil føle meir ansvar når dei når dei sjølv deltek i prosessen med å lage dei.

Sjølv om begge informantane er opptatt av dette i sin praksis, finn eg ein skilnad mellom teorien og informantane sin praksis på reglar. Skilnaden er at Olweus (1992, s. 69) spesifikt snakkar om mobbereglar, mens informantane tar føre seg klassereglar. Mykje av essensen i klassereglane vil nok vere det same, i og med at det er reglar på korleis elevane skal oppføre seg på skulen og ovanfor kvarandre. På den andre sida blir det ikkje nemnt konkrete reglar mot mobbing, som vil vere ein klar førebyggjande faktor mot mobbing.

5.2 Dra lasset i same retning

Begge informantane legg fram at dei tykkjer samarbeidet mellom personalet på skulen er viktig i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. I intervjuet vinklar Kjetil sitt synspunkt frå læraren sin ståstad og poengterer at arbeid med mobbing kan vere utfordrande, difor blir det lagt til rette for tett samarbeid og dialogar. Dette viser igjen i det Katrine sa, at ho ikkje står med alt ansvaret sjølv og at ho veit at døra til rektor og leiinga alltid er opa. For meg verkar

det som at begge informantane forstår viktigheita av tett samarbeid og har ei forståing for kvarandre sine roller. Katrine trekk i tillegg fram skulens plan for eit trygt og godt skulemiljø, at denne er noko som alle har eigarskap til og at den fungera som ei rettesnor, som syte for at skulen står fram som ein einskap. Ho seier også at det er viktig at ho følger skulens retningslinjer når ho blir spurt om kva ho gjer, i det førebyggjande arbeidet mot mobbing i klasserommet. Samarbeidet mellom lærarane og leiinga knyt seg tett opp mot teori om førebyggjande arbeid mot mobbing. Her blir det sagt at den viktigaste faktoren i det førebyggjande arbeidet mot mobbing er at skulen jobbar saman mot eit felles mål, at skulen skal vere ein mobbefri arena. Skal skulen nå dette målet, er personalet på skulen nøydt til å samarbeide og dra lasset i ei og same retning (Høiby, 2002, s. 91).

Roland (1999, s. 85) peikar på at dersom samarbeidet på skulen med å førebyggje mobbing skal fungere godt, må rektor gå føre med eit godt eksempel. Dette kan vere at rektor er flink til å involvere seg i saker som oppstår på skulen på ein dagleg basis, og elles er synleg for både lærarar og elevar. Vidare blir det sagt at på gode skular viser rektor forståing og støtte til lærarane. Dette står i samsvar med korleis Kjetil sei han arbeidar for å førebygge mobbing: «Sidan eg er øvste leiar på skulen må det starte med meg, eg må vise til kollegaane mine og til elevane på skulen, gjennom samtalar og haldningar, at eg jobbar for ein totalt mobbefri skule». Gjennom dette sitatet tykkjer eg at Kjetil er veldig klar på at han har ei leiarstilling som krevje at han er den som initierer til handlingar og fokus på å førebyggje mobbing. Slike initiativ kan vere at han prioriterer å bli kjent med elevane, og at han ikkje vil stå fram som ein ukjent skikkelse på skulen. Han reflekterer også over at han må ta ansvar for å få på plass utanforståande ressursar som forelesarar, og bringe temadagar og kurs på dagsordenen for personalet på skulen. Dette grunnjev han med at det vil vere vanskelegare for lærarane å prioritere det førebyggjande arbeidet mot mobbing, viss han ikkje legg til rette for det. Det at Kjetil tek utgangspunkt i sitt arbeid som ein føresetnad for at lærarane skal kunne utføre sine plikter, tykkjer eg gir ein god indikasjon på at Kjetil støttar sine tilsette på ein god måte i det førebyggjande arbeidet.

5.3 Tydeleg leiing i klasserommet

Det er viktig at læraren sin posisjon i klasserommet blir stadfesta, og denne etableringa av læraren som leiar skjer tidleg, seier Kjetil og viser til ordninga «god skulestart». Han tykkjer at når læraren er etablert som leiaren i klasserommet vil elevane føle på ei trygghet. Kristin er

klar på at visst det ikkje er tydeleg leiing i klasserommet og elevane ikkje kjenne seg trygge, vil det auke sannsynet for at mobbing vil oppstå. I teorien blir klasseleiing omtalt som at læraren skal lede klassa og skape eit miljø som fremjar læring, trivsel og helse (Postholm, 2013, s. 294). Dette byggjer på kva opplæringslova sei, at elevane har rett på eit trygt og godt skulemiljø, der læring, trivsel og helse blir fremja (Opplæringslova, 1998, §9 A-2). Begge informantane sine utsegn tyder på at klasseleiinga og å få etablert læraren som leiar, er ein viktig førebyggjande faktor mot mobbing. Dette stemmer godt overeins med ei undersøking som knyt klasseleiing direkte opp mot mobbing, og viser at god klasseleiing fører til betre strukturar og mindre mobbing (Roland, 2014, s. 68). Katrine kom med eit konkret eksempel på eit førebyggjande tiltak av mobbing, og noko ein kan gjere for å betre strukturen i klasserommet og markere læraren som leiar. Det er å ha likskap i korleis ein gjennomfører timane, at ein har rutinar for korleis ein både startar og avsluttar økta. Roland (2014, s. 105) poengterer viktigheita av struktur i skuletimane, og viser til at dårleg organisering kan resultere i meir mobbing. Ut i frå kva informantane har sagt i høve tidspunktet på å etablere leiinga, tolkar eg det dit hen at dei er bevisst på at klasseleiinga og mobbing har ein samanheng. Dei prøvar slik å kome i forkant av moglege mobbesituasjonar, som kan oppstå av dårleg eller svak klasseleiing.

Katrine beskriv den autoritative lærarrolla saman med haldningane ho viser i timen og dialogane som oppstår, som noko av det viktigaste ho gjer i det førebyggjande arbeidet. Dette grunngev ho med at elevane vil forstå at skulen ikkje godtek mobbing og problemåtferd, visst ho kan fremje gode og konsekvente haldningar til elevane. Roland (2014, s. 91) omtalar den autoritative klasseleiinga som at læraren har mykje kontroll og mykje varme. Vidare poengterer han at den autoritative læraren motverkar mobbing og kan påverke mønsteret i klasserommet på ein god måte, slik at relasjonar og klassemiljøet vil bli betra. Desse ytringane til Katrine kan tyde på at ho har eit bevisst forhold til korleis ho må gå føre for å vere ein rollemodell for elevane, som fremjar gode haldningar og nulltoleranse for mobbing. Teorien til Roland (2014, s. 91) nemnar at relasjonane og klassemiljøet vil bli betra av den autoritative lærarrolla, dette tykkjer eg kan knytast opp mot dette sitatet til Katrine:

«Eg er ansvarleg for relasjonen mellom meg og elevane, samt mellom elevane sjølve. Gode relasjonar er med på å skape tryggleik og eit miljø der det er lov å feile. At relasjonane i eit klasserom er gode vil vere med på å danne eit sunt og bra psykososialt miljø».

I dette sitatet tek ho føre seg viktigheita av å byggje relasjonar med elevane i klassa, og poengterer at gode relasjonar kan skape eit trygt og godt psykososialt miljø for elevane. Vidare fell desse funna saman med teori om relasjonsbygging. Den sosiale interaksjonen mellom lærar og elev vil ha ei førebyggjande effekt mot utvikling av mobbing (Bergkastet et al., 2009, s. 24). Vidare viser teorien til at dersom det blir bygd gode relasjonar mellom lærar og elev kan dette utvikle seg til å danne respekt mellom elevane sjølv, i tillegg til at det kan utvikle seg aksept for kvarandre sine forskjellar. Denne utviklinga vil ha ei førebyggjande effekt av mobbing (Høiby, 2002, s. 37).

6.0 Avslutning

I dette forskingsprosjektet har eg sett på korleis ein rektor og ein lærar ved ein ungdomsskule jobbar for å førebyggje mobbing. Eg har nytta ei kvalitativ undersøking med intervju som metode for å samle saman datamaterialet. I teoridelen har eg nytta sentral teori om temaet mobbing, og vidare fokusert på teori som omtalar korleis ein kan førebygge mobbing. Vidare har eg analysert datamaterialet ved bruk av ei konstant komparativ analysemetode. Til slutt tok eg føre meg dei ulike måtane informantane førebyggjer mobbing på, og prøvde å knyte dette opp mot relevant teori.

Hensikta med denne oppgåva var å sjå til ein skule som har hatt stor nedgang i mobbetala dei siste åra, og sjå på kva rektor og ein lærar gjer for å førebyggje mobbing. I tillegg var eg interessert i å sjå om ein rektor og ein lærar hadde forskjellige tankesett i høve det førebyggjande arbeidet mot mobbinga. Etter eg har arbeidd med oppgåva sit eg igjen med eit inntrykk som sei at tankesetja til Kjetil og Katrine er veldig like, og at mange av verdiane som ligg til grunns i det førebyggjande arbeidet mot mobbing blir delte. Dette tykkjer eg kan kome av at skulen i si heilheit har eit stort fokus på at mobbinga eksisterer, og at dei er villige til å legge ned ein innsats for å fjerne den. Eit anna poeng kan vere at Kjetil har meir erfaring som lærar enn kva han har som rektor, og at han difor har ein relativt lik tankegang som Katrine. Vidare er Kjetil og Katrine samstemte på at det er viktig å leggje til rette for eit tett samarbeid og gode dialogar om dette temaet. Rollene til Kjetil og Katrine innan det førebyggjande arbeidet mot mobbing er forskjellige, men begge rollene er svært sentrale og byggjer på kvarandre.

Funna eg har gjort meg i dette forskingsprosjektet stemmer ikkje heilt overeins med forventningane eg hadde på førehand. Med ein så drastisk nedgang i mobbetala som den skulen her har hatt, så trudde eg at skulen hadde kome fram til ei slags konkret føring på korleis dei skal knekke mobbinga. Sannheita ligg mogleg i at kvart mobbetilfelle må betraktast individuelt, og at nokre tiltak som fungerer i ei klasse og på ein skule, kanskje ikkje fungerer på ein annan. Kjetil og Katrine baserer mykje av det førebyggjande arbeidet mot mobbing, på dei daglegdagse rutinane i klasserommet, haldningane som skulen og dei sjølve frontar og interaksjonen med elevane. Vidare så omtalar dei viktigheita av at elevane har gode relasjonar med kvarandre og dei tilsette, samt at dei har vennar på skulen og at behova for tryggleiken deira er dekte. Her ligg det til grunn ei tydeleg lærarrolle som har kontroll på strukturen og rutinane i klasserommet. Sidan skulen kan vise til at mobbetalet har falt dei siste åra, tyder nok dette på at arbeidet skulen legg ned er fleire steg i riktig retning. Vidare er det viktig at dei fortsett arbeidet med å førebyggje mobbing, og ikkje er nøgde med at mobbetalet ligg under landsgjennomsnittet. At mobbetalet ligg under landsgjennomsnittet gir ein indikasjon på at det fortsatt er elevar som blir mobba, og som Katrine sa: «Viss ein elev blir mobba på skulen, så er det ein for mykje.»

7.0 Litteraturliste

- Bergkastet, I., Dahl, L. & Hansen, K. A. (2009). *Elevenes læringsmiljø – lærerens muligheter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS.
- Höistad, G. (1999). *Mobbing. Ei bok om å forebygge, oppdage og stoppe mobbing*. Oslo: Forlaget Fag og Kultur a.s.
- Høyby, H. (2002). *Mobbing kan stoppes*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Moen, E. (2014). *Slik stopper vi mobbing – en håndbok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nilssen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier: den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Olweus, D. (1992). *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Henta frå: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_11
- Postholm, M. B. (2013). Klasseledelse for et godt læringsmiljø. I R. Karlsdottir & I. H. Lysø (Red.), *Læring – utvikling – læringsmiljø. En innføring i pedagogisk psykologi* (s. 287-306). Trondheim: Akademika forlag.
- Riiser, V. B. (2017). Nye bestemmelser i opplæringsloven kapittel 9 A. *Utdanningsforbundet*. Henta frå: <https://www.utdanningsforbundet.no/lonn-og-arbeidsvilkar/sporsmal-og-svar/artikler-lov-og-rett/lov-og-rett-artikler/20172/nye-bestemmelser-i-opplæringsloven-kapittel-9-a/>
- Roland, E. (1999). *School influences on bullying*. Stavanger: Rebell Forlag A/S.

Roland, E. (2014). *Mobbingens psykologi. Hva kan skolen gjøre?* Oslo: Universitetsforlaget.

Utdanningsdirektoratet. (2015, 3. mars). Retten til et godt psykososialt miljø. Henta frå:

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/Udir-2-2010-psykososialt-miljo/Del-I/3/>

Wendelborg, C. (2019). *Mobbing og arbeidsro i skolen. Analyse av Elevundersøkelsen*

skoleåret 2018 og 19. Henta frå: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finnforskning/rapporter/elevundersokelsen-2018-mobbing-og-arbeidsro/>

8.0 Vedlegg

8.1 Samtykkeskjema

Samtykkeskjema for intervju

Formålet med denne studien er å innhente informasjon til bacheloroppgave ved grunnskolelærerutdanningen ved NTNU. Problemstillingen som skal besvares er: «Korleis jobbar ein rektor og ein lærar ved ein ungdomsskule for å førebygge mobbing?»

Intervjuet vil foregå på tomannshånd og informantens sikres full anonymitet.

Personopplysninger og annen sensitiv informasjon om informantene blir ikke hentet inn. Eneste opplysningen jeg trenger som omhandler informantene er hvor lenge du har arbeidet i skolen og hvilket trinn du underviser på. Navn på skole eller sted vil ikke framkomme. Ingen deltakere vil kunne gjenkjennes i publikasjon.

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke deg fra studien uten å oppgi noen grunn.

Samtykke til deltakelse i studien

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

8.2 Intervjuguide for lærar

Intervjuguide for lærar

Bakgrunn:

- Alder:
- Erfaring (år):
- Stilling:
- Trinn:

Introduksjonsspørsmål:

1. Kvifor vart du lærar?
2. Kva fag underviser du i?

Nøkkelspørsmål (med mulige oppfølgingsspørsmål i kursiv):

1. Kva legg du i omgrepet mobbing?
2. Kva tenkje du om mobbing i skulen? – *Er det til stade, er det eit stort problem?*
 - *Tykkjer du det er viktig at det blir jobba med å få slutt på mobbing? Kvifor?*
3. Korleis jobbar du som lærar for å førebygge mobbing i klassa? – *Kva har fungert bra, kva har fungert dårleg, har du eventuelt gjort nokre oppdagingar?*
 - *Andre tiltak, utdjup gjerne.*
4. Korleis jobbar skulen bevisst for å førebygge mobbing?
 - *Er det nokon forskjellar frå kva du gjer i klassa (er nokon av tiltaka/måla for overordna)?*
5. Tykkjer du at det blir fokusert nok på temaet mobbing i teamtida og/eller fellestida?
6. Kva slags metode bruka dokke for å oppdage mobbing?
 - *Eventuelt korleis går dykk fram ved mistanke om mobbing?*
7. Korleis går dokke fram for å handtere slike situasjonar om dei oppstår?
 - *Har dykk ein handlingsplan? (Kva sei den)?*

Avslutning:

- Er det noko du ynskjer å leggje til eller oppklara?
- Har du nokon spørsmål før vi avsluttar?
- Er det noko anna du synest vi bør snakke om?

8.3 Intervjuguide for rektor

Intervjuguide for rektor

Bakgrunn:

- Alder:
- Erfaring (år):
- Stilling:

Introduksjonsspørsmål:

1. Kvifor valde du å bli rektor?
2. Har du vore lærar før du blei rektor, eventuelt kor lenge?

Nøkkelspørsmål (med mulige oppfølgingsspørsmål i kursiv):

1. Kva legg du i omgrepet mobbing?
2. Kva tenkje du om mobbing i skulen? – *Er det til stade, er det eit stort problem?*
 - *Tykkjer du det er viktig at det blir jobba med å få slutt på mobbing? Kvifor?*
 - *På kva måte brukar du mobbetalet på skulen, i ditt arbeid?*
3. Kva er di rolle, som skuleleiar, i høve til å førebygge mobbing på skulen?
 - *Andre tiltak, utdjup gjerne.*
4. Korleis jobbar skulen bevisst for å førebygge mobbing?
 - *Tykkjer du at nokon av tiltaka/måla er for overordna?*
 - *Får personalet tilbod om kurs som omhandlar mobbing?*
5. Tykkjer du at det blir fokusert nok på temaet mobbing i teamtida og/eller fellestida?
6. Kva slags metode brukar du for å oppdage mobbing?
 - *Eventuelt korleis går dykk fram ved mistanke om mobbing?*
7. Korleis går du fram for å handtere slike situasjonar om dei oppstår?
 - *Har dykk ein handlingsplan? (Kva sei den)?*

Avslutning:

- Er det noko du ynskjer å leggje til eller oppklara?
- Har du nokon spørsmål før vi avsluttar?
- Er det noko anna du synest vi bør snakke om?

